

SVEIO KOMMUNE
Postboks 40
5559 SVEIO

Dato: 03.05.2018
Vår ref.: 2018/7568-14
Saksbehandlar: runalan
Dykkar ref.:

Fylkeskommunalt tilskot til merking og gradering av turløyper 2018 – Fartein Valen sitt kulturlandskap

Føremålet med denne fylkeskommunale tilskotsordninga for turløyper er å bidra til auka og trygg friluftsfærdse der folk bur og oppheld seg, gjennom ein nasjonal standard for informasjon, skilting og merking av turløyper.

Prosjekt: Fartein Valen sitt kulturlandskap
Prosjekteigar: Sveio kommune
Kommune: Sveio

Handsaming av søknaden:

Den 24. april 2018 vart sak 56/18, fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking av turløyper, handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling. Tildelinga vart vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

Vedtak:

De er tildelt 45.000 kr til merking og gradering av turløyper i Fartein Valen sitt kulturlandskap.
Tildelte beløp kan berre gå til innkjøp av skilt og merking av løypa, jamfør retningslinjene.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune
Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**
Aksesspunkt: Visma
Heile tilskotet vil bli utbetalt så fort tilsagnsmottakar sender EHF – faktura til fylkeskommunen.
Saksnummer: 2018/7568
Ressursnummer: 12564

Minner om at verdien av dugnadsarbeid er sett til kr 300 pr. time.

Vilkår:

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden. Ei større endring må sendast fylkeskommunen for godkjenning. Dersom planane vert endra utan godkjenning, eller prosjektet ikkje vert slutført innan normert tid kan eventuelle utbetalte midlar krevjast tilbakebetalt.

Minner om følgjande vilkår for tildeling:

- Nasjonal standard for merking og gradering skal nyttast. Denne kan lastast ned frå www.merkehandboka.no eller «Manual – Turskiltprosjektet», www.turskiltprosjektet.no
- Det må liggja eit lokalt samarbeid til grunn for prosjektet.
- Plan for drift og vedlikehald i minimum ein 10-års periode frå det tidspunkt tiltaket er ferdigstilt.
- Marknadsføringsplan (turkort, publisering, kart, nettstader, media, anna infomateriell).

- Plan for auka bruk (arrangement ved opning, turkort, anna tilrettelegging langs turløypa osv).
- Alle prosjekta må ha skriftleg grunneigaravtalar, og dei skal følgja sluttrapporteringa.

Tildelte midlar skal nyttast til:

- Skilt, merking og infotavler (inkl. innfestingsmateriell / anna festemateriell) samt til informasjon knytt til tavlene.

Vilkår elles:

Det skal rapporterast undervegs når det vert bede om og lagt til rette for synfaring ved behov. Fylkeskommunen skal opplysast som finansieringskjelde når det blir informert om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre. Ved trykt presentasjon av prosjektet (brosjyrar, nettsider, skilt, infotavler mv.) skal logo til Hordaland fylkeskommune vera med.

Turskiltkurs:

For å kunne ta imot midlar er søkjar forplikta til å ha ein person med nødvendig kompetanse i tråd med nasjonale retningslinjer og «Manual – Turskiltprosjektet». Dersom denne kompetansen manglar, ta kontakt med Eirik Knive.

Rapportering:

- Statusrapportering skal leverast i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter innan 30.november 2018. Om ikkje sluttrapport føreligg innan fristen kan midlane bli inndregne.
- Sluttrapport skal leverast i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter innan 30.november 2019. Om ikkje sluttrapport føreligg innan fristen kan midlane bli inndregne.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn nødvendig for sin kontroll.

Klagetilgang og dokumentinnsyn

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19. Vi ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med:

Eirik Knive

Telefon: 55 23 91 66

E-post: eirik.knive@hfk.no.

"[Klikk her for å skrive]"

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.